

Reguleringsendring for Orøyane.

Høyringsframlegg til reguleringsplan for gnr.36, bnr. 94, feste nr. 2 i Aurland kommune

30. November. 2015.

Kommentar/merknad.

Området i Orøyane må ikkje hevast meir , eller byggjast meir på, før gode nok tiltak mot flaum vert planlagt og utført.

Aurland kommune saman med NVE, NSB og Statens Vegvesen må snarast koma i saman for å løysa desse alvorlege flaumproblemi og skadene desse utfyllingane på begge sider av Flåmselvi har gjort, frå Flåm samfunnshus og ned til fjorden . og kjem til å gjera i framtida. Om det ikkje vert gjort tiltak for å retta på gamle og nye «synder» frå dei ulike etatar og ekspertkonsulentar, som me òg som folkevalde har våre med på å godta.

Etter friskt minne om flaumen i Flåm den 28. Okt. 2014, burde det ikkje tillatast ei enkelt tomteregulering utan at konsekvensane for resten av områdi er grundig vurderte og sikra. Hadde Orøyane våre som før desse var fylt masse på, bygt hus og brukar på og oppfylling av den gamle idrettsplassen og innskrenking av elveløpet på Brekkesida, ville det ikkje kome flaumvatn inn over jernbanespori ovafor Kleivi.

Det seier seg sjølv, om ein fyller opp eit område der flaumvatn dura fram, er einaste vegen for vatnet oppå oppfylte området. FRAMLEGG; Difor ser eg som einaste løysing, å grava kanalar gjennom Orøyane, eller leggja mange store røyr frå elvesletta ved Bruahølen til forbi jernbanepanovergangen ved Kleivi. Då kan det verta tryggare å bu og byggja og laga veg tilkomst oppå desse. Turvande røyrstorleik og mengde burde fagfolk kunna rekna ut. (Visar til reguleringsføresegnene § 11). Eit slikt tiltak eEr det ikkje berre jernbana som tenar på, men òg dei som har bygt og vil byggja her.- Eg vil og opplysa om at stor flo og stormflo, noko som føl med når det er mykje regn og storm frå vest og sydvest, demmer opp og møter elvi ved «Nigardstudniao. Flåmselvi møter fjorden her 2 gonger i døgeret.

Om området i eller omkring Orøyane vert sikra, løyser ein ikkje flaumproblemi for busetnadane, NSB eller områdi frå Orøyane og ned til osen.

Det vart vedteke ein regulerinsplan Fretheim/Brekke i Aurland kommunestyre 27.11.81. Hovudmålet var å få ei god vegframføring frå planlagde E16 til industriområdi A,B,C og bru over elvi til A-feltet (stsjonsområdet). Vegen skulle ha 2 køyrebaner, fortau på 1,5 m. og mot elvi, skulder og 0,5 m. fiskesti. Denne vegen saman med regulering av bustadfeltet Fretheimshaugane var eit grunnlag for statsstøtte.- Eg visar til søknad frå Aurland kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Utbyggingsavdelinga, av 13. nov. 1981.- Eg visar og til mitt brev til Aurland bygningsråd av 15. mai 1981. Merknad til punkt i den same reguleringsplanen. Der eg peikar på, at vedgrasseen kjem for langt ut i elvi og pressa flaumvatn mot NSB området. Vegtraseen vart heller ikkje bygd etter denne regueringsplanen, grunna jordbruksvern og at Aurland kommune let vegvesenet fylla stein frå Flenjatunnelen her, utan at det var ordna med grunneigaravtalar. For å unngå stans av utfyllingi, vart vegen slik den er i dag, og rett til ekspropiasjon fall bort. Brui over til A-feltet skulle og ha 2 køyrefelt. Den fekk ikkje det. Då ein av betongbjelkane velta til sides, ved montering, og brakk i to. Denne vart fort nedgreven nær brukaret på A-feltet. På det smalaste punktet i elvi, forbi Flåm Camping, vart elvi endå meir innsnevra. Dette førde til at flaumvatnet den 28. okt. 2014 gjekk inn med slamvatn i 1 m.

høgd i husi til Nils Morten og Anita Seim og over parkeringsplassen ved kiosken til Flåm Camping. Og inn over NSB område og A-feltet med kaiane. FRAMLEGG; Her må ein ta innatt vegen og byggja armerte støypekantar på denne. Det same på NSB si side, for å sikra betre for framtidige flaumar.

Eg hugsar godt (70 årsflaumen) i 1972. Eg var i Flåm samfunnshus og dreiv på med legging av golvbelegg på den høgste delen i matsalen då det byrja siva inn vatn på det lavaste nivået i denne.

Då eg kom ut og ville heim att, såg eg fossande elv heilt opp til støypekanten til vegen og brukaret meg Hengjebui vart teke av straumen saman med ein bjørkebase som sto der. Eg hadde lånt Flåm samvirkelag sin 2 tonns lasterbil (Hanomag) for henta billegg til matsalen. Eg starta bilen og skunda meg heim. Det var så vidt eg kom meg gjennom vatnet på vegen før jernbaneovergangen ved Kleivi. Det var ein samanhengjande innsjø frå jernbanefyllingi over Nigardsbøane heilt inn til husi i Nigarden og over den gamle fotballplassen og innover på Hokabøane. Eg parkerte bilen under Drengjestova. Då rann det vatn opp i jernbaneovergangen til Hokabui. Eg duste litt før eg sprang over denne. Bui var høgare på mitten, så elvevatnet gjekk nett under bjelane der. Det rann vatn over brukaret og inn i vegen ved Solhammar. Eg var knapt nok komen over bui då ei bjørk kom med roti føre mitt på bui så greiner vart kvista under bjelkane. – Dette er ei kort skildring av denne hendinga, som skjedde i pinsehelga dette året. Flaumen kom av ei hetebyggje med snøsmelting og regn. Det vart målt 22 grader celsius i 1400 m. høgde. Den gongen var det ikkje Orøyane bygt eller fylt på, utanom vegen langs Flåmsbana. Heller ikkje idrettsplassen eller Nigardsbøane, som saman med Nigardsbøane var ei buffersone mot flaumar når det var flo sjø. Då var heller ikkje verken A-, B-, eller C-felti oppfylte, så flaumvatn kunne breia seg til begge sider av elvi, mot no i ein smal kanal.

Eg vil visa til eit utskiftningskart over Brække frå 1865 til 1869, der den gamle bygdevegen gjekk frå Slusastøi over Hokabøane. Ingen veg langs elvi. Ved flaum delte Flåmselvi seg, på Fretheimsida rett over for Flåm Camping, og gjekk nedanfor Fretteim Hotel og ut i Kyrkøynabukti. (mellom kaiane). Det var heller ikkje bygningar nær elvi, med unnatak av naust. Eg visar og til ei kartskisse som visar korleis Flåmsbana har sperra for dette overløpet. Eg vil og visa til ein del gamle foto, som visar korleis det såg ut før på Fretheim / Brekke / Orøyane.

Eg ser på eit flaumkart, som føl saki, utarbeidd av Norconsult AS i mars 2009. Det er skremmande å sjå kor vidt ein 200-årsflaum breier seg i dette området. Men kvifor stoppar flaumkartet ved den «Nye Hokabui»? Kva med oss som har verksemdar og bur i område nedanfor? Eg har funne ut at ein slik flaum vil gå 3 m. opp i mitt hus. Då er heller ikkje NVE sin mal + 40 % medteken.

Å takla (førebyggja) ein 200-årsflaum + 40 %, ser eg som uovervinneleg her i nedre del av Flåmselvi, utan å føra flaumvatn frå Klevavatnet og Vindedøla over i Vidalsdammen, eller senka tappingsnivåe i Klevavatnet og Seltuftvatnet, slik at ein kan senka vassstanden i desse før flaumar er i emning og stengja damlukene når flaumenane tek til. Ein 70-årsflaum kan me vil gjera noko med og i nedre delen av Flåmselvi.

Dessutan har Aurland Kommune, teknisk eining, flyfoto over område frå 1969. Dette er før alle reguleringsplanane og utfyllingane har vorte gjort. For å sjå kva som er endra, kan de leggja (plotta) alle planane de har oppå dette flyfotokartet.

Eg ber om at dette innspelet og denne del av saga i området òg vert lagt fram under utarbeidingi av den svært etterlengta sonereguleringi i Flåm.

EIN MÅ KJENNA GODT TIL (NATUR)-SOGA, FOR Å SJÅ, PLANLEGGJA OG BYGGJA EI GOD OG TRYGGARE FRAMTID.

Helsing Harald Sjursen

5743 FLÅM 17.01.2016.

(Fødd og oppvoksen på Neset).